

Høring forskrift om skulekrinsar i Sogndal kommune

Formannskapet i Sogndal kommune vedtok 08.02.24 i PS 10/2024 å sende forskrift for skulekrinsar ut på høring. Forskrifta skal gi oversikt over dei ulike skulane med tilhøyrande inntaksområde. I tillegg til oversikt over kringsgrenser regulerer forskrifta ansvarsområde og sakshandsaming ved avvik frå nærskuleprinsippet.

Innleiing

Kommunen sin heimel til å regulere skulekrins ligg i Opplæringslova § 8-1 (Ny opplæringslov gjeldande frå .01.08.24.er kommunen sin heimel til å regulere skulekrins i forskrift § 2-6)

«Grunnskoleelevene har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.»

Formålet med forskrifta er gjere tilhøva for innbyggjarane i kommunen føreseieleg når det gjeld kva skule borna skal gå ved, vere rettleiande i høve kommunal sakshandsaming, samt å sikre lik handsaming av søknader om skulebyte.

Forskrifta omfattar alle grunnskulane i Sogndal kommune. Ved særlege tilhøve, som ved nybygging/ombygging, brann, omsyn til skyss og farleg skuleveg, kan kommunen vedta mellombelse løysingar i høve kva skule borna skal gå ved.

Skular og kringsgrenser i Sogndal kommune

I Sogndal kommune er skulane nærskule til følgjande geografisk område i dei fire skulekretsane:

Skule	Stad	Skuleslag	Nærskule til følgjande geografiske område	Grunnkretsar	Skulekrins
Fjordtun oppvekstsenter	Torsnes	1.-4. trinn, oppvekstsenter	Langs FV 5606 og 613 Menes – Vettlefjorden – Sværen - Farnes	Vettlefjord Sværefjorden	Balestrand
Fjærland oppvekstsenter	Fjærland	1.-7. trinn, oppvekstsenter	Kommunegrense mot Sunnfjord. Supphellevegen, Jordalsvegen og Bøyadalen. Frudalstunnellen mot Sogndal	Ytre Fjærland Mundal Indre Fjærland	Sogndal
Kaupanger skule	Kaupanger	1.-10. trinn	Drogi mot Sogndal. Øvrig grense mot kommunegrenser	Valeberg-Skogen Kaupanger Haukåsen	Kaupanger
Kvåle skule	Sogndal sentrum	6.-10. trinn	Drogi mot Kaupanger, samt Fimreitevegen. Tek i mot ungdomsskuleelevar frå Fjærland og Norane. Årøyvegen til kommunegrense	Ytre Fjærland Mundal Indre Fjærland Lerheim-Stenehjem Øvre Stedje Stedje Barsnes-Loftesnes-Kjørnes Fjøra Fosshaugen-Åberg Rutlin Leite Nes	Sogndal

				Øyabrekka Notsete Dalavatn Fimreite Slinda Nordnes Ylvesåker Fardal	
Leikanger barneskule	Leikanger	1.-7. trinn	Fatlatunnelen til Hella	Eitorn Grinde Hamre-Fosse Leikanger Henjum Hermansverk Njøs	Leikanger
Leikanger ungdomsskule	Leikanger	8.-10. trinn	Fatlatunnelen til Hella	Eitorn Grinde Hamre-Fosse Leitet Leikanger Henjum Hermansverk Njøs	Leikanger
Norane oppvekstsenter	Ylvisåker	1.-7. trinn, oppvekstsenter	Fatlatunnelen til Stedjeberg tunnelen	Slinda Nordnes Ylvesåker Fardal	Sogndal
Sagatun skule	Balestrand	1.-10. trinn	FV 55 Kommunegrense mot Høyanger til Dragsvik. 5.-10. trinn. Langs FV 5606 og 613 Menes – Vetlefjorden – Sværen - Farnes	Vetlefjord Sværefjorden Esefjorden Balestrand Thue Kvamsøy	Balestrand
Trudvang skule	Sogndal sentrum	1.-5. trinn	Stedjeberg tunnelen mot Norane. Frudalstunnelen mot Fjærland. Drogi mot Kaupanger. Kommunegrense mot Luster langs Årøyvegen. Fimreite	Lerheim-Stenehjem Øvre Stedje Stedje Barsnes-Loftesnes- Kjørnes Fjøra Fosshaugen-Åberg Rutlin Leite Nes Øyabrekka Notsete Dalavatn Fimreite	Sogndal

Kart til kringsgrensene er ligg i [fylkesatlas](#)

Prosedyre sakshandsaming

Prosedyre skal bidra til rask, føreseieleg og likeverdig handsaming av vedtak, klagar og søknader om skuleplass for alle elevar og familiar som er busett i Sogndal kommune.

Informasjon, tidsfristar og nødvendige skjema skal ligga på kommunen si nettside.

Rutinar og sakshandsaming som gjeld den lokale forskrifta er gjeldande for alle barn som kjem inn under Opplæringslova §2-1 Rett og plikt til grunnskuleopplæring.

Retten til grunnskuleopplæring blir gjeldande når det er sannsynleg at barnet vil opphalde seg i Noreg i minst tre månader, medan plikta til grunnskuleopplæring blir gjeldande etter tre månader i landet.

Ansvar

Kommunedirektøren har overordna ansvar for å følgje opp rutinane. Den einskilde rektor har delegert fullmakt, til å fatte vedtak om skuleplass for elever med adresse innanfor eigen skulekrins. Kommunedirektøren fattar vedtak om skulebyte for elevar som søker om skuleplass ved anna skule enn nærskulen.

Første gongs vedtak om skuleplass

Alle born i Sogndal kommune får eit varsel om opptak til 1. klasse. Rektor har ansvar for å gå gjennom listene frå folkeregisteret registrert med den aktuelle skulen som nærskule. Med utgangspunkt i registrerte elevar i krinsen, sender rektor ut førehandsvarsel/informasjon til føresette. Rektor gjennomfører innskriving etter gjeldande rutinar.

Vedtak om skuleplass ved annan skule enn nærskulen

1: Adresseendring

Om eleven ønskjer å halde fram ved skulen ved flytting til anna krins, må føresette søkje til kommunedirektøren.

Følgjande retningsliner gjeld for å innvilge slike søknadar:

- Eleven ønskjer å fullføre skuleåret.
- Eleven ønskjer å fullføre hovudsteget og har berre eitt år igjen av skuletida.

Føresette må organisere og finansiere eventuell skuleskyss.

2: Skulebyte i særlege tilhøve

Føresette og elev kan søke kommunedirektøren om å halde fram ved eller byte skule ved særlege tilhøve (sosiale tilhøve, sårbare born eller born med særlege behov). Søknaden må grunngjevast og dokumenterast med uttale frå PPT, BUP, lege eller andre sakkunnige. Kommunedirektøren kan be om utgreiing frå til dømes PPT om dette ikkje ligg føre.

I søknaden må eleven si meining om saka komme fram og kommunedirektøren legg vekt på eleven sitt beste i vurderinga av søknaden.

Søknaden skal sendast til rektor ved skulen, som skal uttale seg om saka før den blir sendt vidare til leiar for Sogndalsskulen for avgjerd.

Føresette må organisere og finansiere eventuell skuleskyss

3: Skulebyte i skulemiljøsaker

Det er rektor ved eleven sin skule som har ansvar for å løyse skulemiljøsaker.

Om rektor etter reglane i Opplæringslova kapittel 9, vurderer at eit skulebyte er eit rett tiltak i ei skulemiljøsak, fattar kommunedirektøren vedtak om byte av skule.

Slike saker skal handsamast etter reglane i Opplæringslova kap. 9

I slike saker skal ikkje føresette dekke kostnader til skyss.

Utsett eller tidleg skulestart

Føresette kan etter Opplæringslova § 2-1 3.ledd (§ 2-4 i ny opplæringslov) søkje om utsett eller tidleg skulestart etter følgjande prosedyre:

Utsett skulestart	Tidleg skulestart
1: Søknad om utsett skulestart sendast til rektor på nærskulen til eleven. Søknaden må innehalde: <ul style="list-style-type: none">- Opplysningar om barn og føresette- Bakgrunn for søknaden- Barnet si meining om saka	1: Søknad om tidleg skulestart sendast til rektor på nærskulen til eleven. Søknaden må innehalde: <ul style="list-style-type: none">- Opplysningar om barn og føresette- Bakgrunn for søknaden- Barnet si meining om saka
2: PPT lagar sakkunnig vurdering som tek stilling stil om utviklinga til barnet er komen langt nok til å starte på skulen	2: PPT lagar sakkunnig vurdering som tek stilling stil om utviklinga til barnet er komen langt nok til å starte på skulen
3: Skuleeigar fattar einskildvedtak med utgangspunkt i sakkunnig vurdering og søknad frå føresette.	3: Skuleeigar fattar einskildvedtak med utgangspunkt i sakkunnig vurdering og søknad frå føresette.
4: vedtaket kan påklagast	4: vedtaket kan påklagast

Klagehandsaming

Alle enkeltvedtak om skuleplass og avslag på søknader om skulegang ved anna skule har klagerett etter Opplæringslova § 15-1 innan 3 veker etter at vedtak er motteke.

Kommunedirektøren handsamar eventuelle klagar på vedtak eller avslag på søknadar om skuleplass. Om kommunen står på vedtaket, vil saka bli over sendt Statsforvaltaren i Vestland som fattar endelig vedtak etter Opplæringslova §15-2.